



Rune i arbeid høgt over Omvikdalen

Byggeriet/Trelastlageret har god medvind og frå i dag har det tradisjonsrike firmaet vorte eit timannslag. Den tiande på laget er ein røynd snikkar, Rune Enæs (40) som opprinneleg er frå Eikelandet i Uskedalen. No har han vore husnesing ein tiårsbolk men slår sjølvstarkt fast at han alltid kjem til å vera uskedeling. Rune har snikra siden 1994. Han har kone og 3 born.

uskedalen.no møter han i luftig jobb med renovering av huset til Odd Karsten Huse i Dimmelsvik.

Han har ein solid fagleg bakgrunn og har vore innom Byggekompaniet, Haavik Bygg, Sunde Snekkeri og Kvinnherad Bygg før han no på eit vis 'kom heim'.

Han har også jobba som taktekkar eitpar år og har eitt år i Bergen bak seg.

- Kvifor Byggeriet, Rune?
- Det er sunt med nye utfordringar.

Firmaet har no 8 fast tilsette og 2 andre som også har vore i full jobb i den seinare tid

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen